



MØTEBOK – DOVRE KYRKJELEGE RÅD

Møtedato	Møtestad
mandag 27. januar 2020 kl. 19.00 – kl. 22.00	Klukkarhaugen

TIL STADES PÅ MØTET

Dovre sokn: Guri Ruste, Anne Brit Roen Eriksen, Marit Reidun Bøe Svestad, Hans Hovde.
Dombås sokn: Johnny Raatrø, Eli Nytrøen Lyngen, Hanna Mølmen, Jomund Angard.
Prest: Birgitte Betzrød.
Kommunerepr.: Knut Nytnun.

Med tale- og forslagsrett: Kyrkjeverge Elin Marit Andgard.

SAKER TIL HANDSAMING

	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
SAK 01/20	VALG AV UTVALG
SAK 02/20	BUDSJETT-2020
SAK 03/20	REFERAT OG ORIENTERINGER
DRØFTING	Biskopens utfordringar etter visitasen Pilegrimsdager-2020

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med underskrifta vår at det som er ført på saksnummer 01-03/20 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

Jomund Angard *Hans Ingevald Hovde*
Marit Svestad *Hanna Mølmen*
Knut Nytnun *Anne Britt Roen Eriksen*
Johnny Raatrø *Eli Nytrøen Lyngen*
Guri Ruste

Innkalling: 20.1.2020.

Hovedutskrift: Dovre kommune v/ formannskapet og rådmannen, Prost i Nord-Gudbrandsdal, arbeidstakere i administrasjonsutvalget, revisor.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	27. januar 2020		

SAK 01/20 VALG AV UTVALG

Saksopplysninger:

- Sak 24/19 Konstituering (17.10.19)
- Sak 31/19 Utvalgsstruktur (11.11.19)

Det er tidlegare vedtatt at to utvalg har representantar ut frå funksjon og ikkje namn:
Arbeidsutvalg: Leiar, nestleiar, sokneprest og kommunal representant.
Administrasjonsutvalg: Leiar, nestleiar og kommunal representant + to tilsette valgt av og blant dei tilsette (med unntak av kyrkjeverge og sokneprest). Dei tre fyrste utgjør også forhandlingsutvalget.
Kyrkjeverge er sekretær for utvalga.

Innstilling frå sokneprest og kyrkjeverge:

På bakgrunn av sak 24 og 31, herunder det rådsmedlemmene har uttalt interesse for fagområde og ynskje om utvalg, blir det foreslått slik samansetning:

Gudstenesteutvalg (gudstenesteliv, liturgi, kyrkjemusikk):
Helle Hundevadt, sokneprest og kantor.

Diakoniutvalg (planer, diakonale tiltak):
Anne Brit Roen Eriksen, Johnny Raatrø og diakon.

Kulturutvalg (konserter, pilegrimsdager, kunst):
Per Anders Håvelsrud, Marit Reidun Bøe Svestad, kantor.

Barn- og ungdomsutvalg (trusopplæring og andre tiltak for barn og unge):
Eli Nytrøen Lyngen, Hanna Mølmen, sokneprest.

PR-utvalg (PR-profil, kyrkjeblad, SoMe):
Guri Ruste, sokneprest, kyrkjeverge

Arrangementkomitè (sommerope kyrkjer, kyrjekaffe, dugnader):
Randi Brennhaug, Jomund Angard, kyrkjeverge.

Vedtak:

Innstilling samrøystes vedtatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	27. januar 2020		

SAK 02/20 BUDSJETT-2020

Saksopplysninger:

- Kirkeloven § 14-15 (handboka side 168).
- Handboka kap. 8.

Vedlegg:

- Driftsbudsjett-2020 (forslag)

Ut frå Kyrkjelovas § 15 sender DKR sitt budsjettforslag inkl. behov for driftstilskot, før kommunen vedtek sitt driftsbudsjett (årsbudsjett). Når kommunestyret har vedtatt den økonomiske overføringa til rådet – det årlege driftstilskotet – må rådet vedta eit endeleg budsjett for året.

Kommunestyret vedtok 16. desember 2019: «Dovre kyrkjelege råd får en økonomisk ramme på kr 3.450.000 for å løse kommunens forpliktelser etter kirkeloven. Verdi av tjenesteytelser mellom kirken og kommunen kommer i tillegg med kr 120.000.»

I tillegg har kommunen løyvd investeringsmidler på 1,5 million kroner til fellesrådet – investering. DKR har i sine innspill til kommunens økonomiplan søkt om midler til sikring av kyrkjebygg, slik at bygg og inventar blir sikra som tilrådd av Riksantikvar, NIKU, Økokrim og KA. Til orientering er det i kommunens økonomiplan 2020-23 avsatt 1 million kroner i 2021 til fellesrådet, som er tiltenkt restaurering av nedre inngangsparti Dovre kyrkje.

Informasjon til budsjettforslaget

Budsjett og regnskap er delt i fire funksjonar:

1. Kyrkjeleg administrasjon: Alle utgifter/inntekter som er relatert til drifta av fellesrådet og tilhøyrande administrasjon, lønn til dagleg leiar og administrativt personale forøvrig, kontorutgifter, møteutgifter mv.
2. Kyrkjer: Alle utgifter og inntekter som har samband med kyrkjebygget og den gudstenestelege verksemda som foregår i kyrkja. Det gjeld utgifter til bygging, drift og vedlikehald av bygget, utgifter til stillinger for kyrketener, klokker, organist/kantor, utgifter til inventar og utstyr mv.
3. Kyrkjegard: Utgifter og inntekter i samband med gravlegging, bl.a. etablering og drift av anlegg, lønn for gravplassarbeidere, gravstellavtaler og feste av grav.
4. Anna kyrkjeleg verksemd: Alle utgifter/inntekter knytta til undervisning, diakoni, kyrkjemusikk og andre liknande tiltak.

Stillingar pr. funksjon:

Administrasjon: 80 % kyrkjeverge og 35 % sekretær

Kyrkjer: 80 % kantor, 50 + 15 % kyrkjetenar

Kyrkjegard: 50 + 30 % kyrkjegardsarbeider

Anna kyrkjelege verksemd: Refusjon til Lesja for 50 % diakon, lønn trusopplæring (intern overføring til øvrige funksjonar).

Merknad: Andel av kyrkjevergestilling burde vore ført på funksjon kyrkjegard, men det er hittil ikkje gjort.

Innstilling:

Dovre kyrkjelege vedtek det vedlagte forslaget til driftsbudsjett-2020.

DKR vedtek fylgjande investeringsbudsjett-2020:

Prosjekt: Sikring av kyrkjebygg

Total ramme kr 1.875.000

Tiltaket blir finansiert med løyvd tilskudd frå kommunen kr 1.500.000 og prosjektets momskompensasjon kr 375.000.

Vedtak:

Innstilling samrøystes vedtatt.

Råd/utvalg	Møtedato	Arkiv	Saksmappe
Dovre kyrkjelege råd	11. november 2019		

SAK 03/20 REFERATER OG ORIENTERING

Saksopplysninger:

- **Protokoll frå Dovre kyrkjelege råd 11. november 2019.**
- **Orienteringer:**
 - Bispevisitas, gudstenester i jul- og nyttår, romjulsconsert, rom for bønn
 - Kurs for nyvalgte fellesråd 9. mars Otta, påmeldingsfrist 7.februar
 - Kulturpris Dovre kommune
 - Prestesituasjonen
 - Prostdag og fokus på dåp
- **Post:**

Hamar biskop: Visitasprotokoll. Prosess for revidering lokal grunnordning.
Oppnemning av geistleg representant.
Dovre kommune: Investeringsbudsjett 2019 – regulering. Årsbudsjett 2020.
Takkebrev frå Dovre bygdekvinnelag, to brudepar og ein konfirmant
Brev frå fester

Vedtak:

Protokollen frå rådsmøtet 11. november er godkjent.
Øvrige orienteringer tatt til etterretning.

DRØFTINGSSAK

A. Biskopens utfordringar etter visitasen

Vedlegg:

- Visitasprotokoll

Drøfting:

Korleis skal DKR arbeide med dei enkelte punkta, som også involverer dei tilsette.

Oppsummering:

Råd og tilsette drøftar utfordringane i felles møte.

B. Pilegrimsdager

Sokneråda for Dovre og Dombås sokn har arrangert pilegrimsdager på Dovrefjell sidan 1994 (25-årsjubileum for Eysteinkyrkja), og er eigar av arrangementet. Dei siste åra i samarbeid med Pilegrimsutvalget i Oppdal og Pilegrimssenter Dovrefjell.

Arrangementet har fokus på pilegrimstradisjonen og hatt eit årleg tema og gjerne ein person som er lyfta fram. Kunst-utstilling, foredrag, konsertar, vandringar, gudsteneste, tidebønner.

DKR har hatt eige utvalg som har planlagt og gjennomført dagane. Organist har deltatt i utvalget, men ved stillingsreduksjonen var dette ei oppgave som gjekk ut. Hans-Jacob Dahl har vore sentral i arbeidet, og er villig til å fortsette i Pilegrimsutvalget forutsatt at andre leiar komiteen/arbeidet og at det tilstrekkeleg engasjement frå DKR si side.

Utgifter i 2017 som var «normale» dager var ca 100.000 kr. Da var budsjettet betydeleg redusert i forhold til t.d. perioda 2005-2010, m.a. mindre markedsføring. Dovre kommune og Regionkontoret ga 85.000 kr i støtte, billettinntekter ca 26.000 kr. Det er vorte vanskelegare å få støtte til arrangementet.

Tidlegare har arbeidet starta på hausten: Bestemme tema, aktuelle musistarar, foredragshaldarar, innleiarar osv. Om DKR ynskjer å arrangere Pilegrimsdager i 2020, forutsetter det at ein komitee starter dette arbeidet umiddelbart.

Drøfting:

- Skal rådet arrangere Pilegrimsdager i 2020?
- I så fall kva form, tidsperiode osv.?

Oppsummering:

Rådsleiar kallar inn kulturutvalget og Hans-Jacob Dahl for vidare prosess.